

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Ringebu

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Venabygd

Oppskr. av: Einer Hovshaugen

Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd

G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.


B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR


1. For ein 50 år sidan var det vanleg enda å slå i utmarka her. På smågordane heldt utmarkslåtten og lengst. På plassane der dei ikkje hadde hest var høyet oftast borte i hus.
2. Hadde ein ikkje for langt å bra høyet, bar ein det gjerne i Kjemmer. Med rive, "kjemma" ein høy mot ein foten, la høystavne greid og fint til eit fast lag, som dei tok med riva og ein handa og bar til husja, lasset eller bakken. For dei høyet opp bratte bakkar brakte dei ofte svolk, ei lang mjuk greis med lybbji i mjukaste enden. Nedover bratte bakkar laga dei ofte sløe av mjuke bjørke som dei laste høyet på og drog det nedover. Når ein bar høy i reip brakte ein reipet dobbelt. Det var da fåller (fålls) som ein hadde armene inni og fekk reipet over kvar skulder. Endelykka som gjekk gjennom haldra tok ein over ein skulder. Det stod gjerne ein bak og tok i bora når brora skulle reise seg frå bakken. Borna var alltid med i arbeidet. Løypetrug brakte ikkje. Kalle ikkje trillebør.
3. Både delar.
4. Anten ein lett høyslede med meir- og skoringar tre, eller og hjulslede, med to hjul langt bak og meir framantil. Ein var svært nøye på å skrope saman kor einaste strå. Siste korrut var gjerne størst. Til å gjerde lasset med

brukt dei fortugū, bakbenne og høytong. Høytonga var anten dobbelt, sjølvoakse eller og einken. Om vinteren hadde dei og som regel omlag og midtreips. Det vart støst brukt berre ein hest for lasset.


5. Felleslåt Kjemmet ikkje her enn at einkeane tok på seg slåt for lott. Da delte dei gjerne boren eller lassa. Vanlig var lotten  $\frac{1}{3}$  på han som gjorde arbeidet.




Dobbelt høytong




Einken høytong.



Høyslede.



Hjulslede.



reip bera høy i.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY